

# Mange stemmer frå levde liv

■ Av Aud Mikkelsen Tretvik

Ei ny, landsomfattande minneinnsamling er i gang! Den skal samle inn forteljingar om livet i Noreg slik folk sjølv har opplevd det og hugsar det. Det vanlige livet er ein viktig del av vår felles historie, og det er viktig å få inn bidrag frå alle regionar og samfunnsgrupper. Denne gongen er det personar fødde før 1950 vi oppfordrar til fortelje livshistoria si. Vi håper på mange bidragsytarar over heile landet, og vi håper at historielag kan bistå med innsamling og tilrettelegging. Brosjyre med rettleiing er utsendt til alle medlemslaga, og blir også distribuert gjennom andre kanalar, mellom anna DIS-Norge, slekt og data, som er ein av organisasjonane bak innsamlingsaksjonen. Andre medverkande er Institutt for historie og klassiske fag – NTNU, Institutt for kulturstudium og orientalske språk – Universitetet i Oslo, Norsk etnologisk granskning – Norsk Folkemuseum, Norsk folkeminnelag og Norsk lokalhistorisk institutt. Aksjonen blir leia av Landslaget for lokalhistorie.

Dette er fjerde gongen ei slik innsamling blir gjennomført. Første gong var i 1964, deretter i 1981 og så i 1995/96. Den igangverande innsamlinga er lagt opp etter malen frå tidligare med dei same hovudemna i rettleiinga, men fleire emne er utlagt litt vidare enn i tidligare innsamlingar. Eit døme kan vere spørsmålet om krig. I den førre innsamlinga vart det spurt om krig og okkupasjon. Det var klart at det vart sikta til 2. verdskrigen,



Inger Paulsberg og Solveig Grønnerud på sykkelturn i 1959. Eier: Kai Hansen. Kilde: Lokalhistoriewiki.no, cc-by-sa.

Krigen med stor K. No spør vi i staden om krig og krigshandlingar, med under spørsmål om ein har opplevd krig og valdelige konfliktar, og korleis det har påverka ein sjølv og dei næraste. Med dette vender ein seg til folk med ulik erfaringsbakgrunn og ikkje berre dei som fødde og oppvaksne i Noreg.

Starten for minneinnsamlinga var 30. oktober og vart markert med eit seminar på Norsk folkemuseum på Bygdøy i Oslo. Aksjonen vil pågå til utgangen av oktober i 2013. Materialet frå denne innsamlinga er tenkt nytta i publikasjonar både digitalt og i bokform, og det er aktuelt å lage samanliknande studium med materiale frå alle fire innsamlingane sidan dei er bygd opp over den same lesten. Minnematerialet vil også eigne seg godt som tilfang til lokale publikasjonar som årbøker og andre skrifter.

Ta kontakt med ditt lokale historielag for å få brosjyren med rettleiing og emneliste, eller last den ned frå LLHs nettsider, <http://www.historielag.blogspot.no/>.